

Konfirmasjon i Hyllestad, Lavik og Bjordal 2022 - 23

Kyrkja i Hyllestad inviterer til konfirmasjonsførebuing til alle som er fødde i 2008 om ein er medlem av Den norske kyrkja eller ikkje.

Konfirmasjon er ei oppfølging av det som skjedde i dåpen. Dei som ikkje vart døpt som born kan melde seg på førebuinga, men må døypast før ein blir konfirmert. De som høyrer til ei anna kristen kyrkjesamfunn som den katolsk kyrkja eller anna kyrkjesamfunn er hjarteleg velkomne.

Konfirmasjonstida er ei tid for fellesskap, vekst og mogning. Ein kan stille spørsmål, gjere seg opp meiningar og få høyre meir om den kristne trua. Sjekk gjerne ut korleis andre har opplevd å vere konfirmant på nettsida: www.konfirmant.no

Til hausten er det den nye soknepresten i Hyllestad, **Runar Matsui-Li** som vert konfirmantansvarleg. Ein vil halde fram samarbeid med Lavik og Bjordal.

Presentasjonsgudstenester er obligatorisk gudsteneste. Dei vart halde i Lavik 21.aug kl:11.00, Hyllestad 28.august kl:1100

Konfirmasjons datoer er: Hyllestad 29.april, Øn 6.mai, Bø 13.mai
Lavik 13.mai, Bjordal 14.mai,

Informasjonsmøte vert halde Onsdag 24.august kl. 1930 i Hyllestad kyrkje

Andre viktige datoar i haust er:

Konfirmantfestival for Sunnfjord i Gaularhallen Laurdag 29.okt

Dagsamling i september og leir på Alvera i slutten av januar.

Det vert ein eigenandel for konfirmantåret som vert opplyst om seinare.

Frist for påmelding er sett til 1.august 2021, men ring eller send ein sms til 48890086 (Runar prest) om du no veit du vil bli med, eller vil vite meir.

Påmelding sendes Høyanger kyrkjekontor, PB 159, 6991 Høyanger eller post.hoyanger@kyrkja.no
Beste helsing

Runar Matsui-Li , 48890086
-sokneprest- (frå 18.august)